

DIALOGARK: 5-ÅRINGEN

Skule- førebuing

Barnet ditt er no førskulebarn og skal snart forlate barnehagen. Det er ein stor overgang for barnet ditt å gå frå barnehagen til skulen, og kanskje kjenner du det på same måte. Du som forelder kan allereie no gjere mykje for å gjere barnet trygt på skulen. Barnehagen og skulen samarbeider og har planar og rutinar for å sikre ein god overgang.

Gje barnet ditt noko å gle seg til

Barnet ditt dannar seg bilete av korleis skulen er på bakgrunn av det du som forelder fortel det. Det er viktig å gje barnet ditt sjansen til å sjå på skulen som noko positiv. Di omtale av skulen og dei tilsette, er ofte avgjerande for at barnet skal kjenne seg trygg, trivast og få eit godt forhold til dei vaksne. Snakk difor mykje med barnet ditt om skulen som ein positiv stad å vere!

Bli kjent

Skulen vert ein ny arena for vennskap og kontakt. Ved å ta kontakt og gjere ting i lag med andre foreldre, viser du barnet ditt at det er greitt å seie hei og vere i lag sjølv om ein kanskje ikkje kjenner kvarandre så godt eller har

felles interesser. Å vere førebilde på korleis ein er med andre, gir barnet sosial læring.

Lær barnet å klare meir sjølv

Når barnet ditt nærmar seg skulestart, er det kjekt for barnet å kunne kle seg sjølv og gå på toalettet utan hjelp. Det gir stor kjensle av meistring for førsteklasingen å vere sjølvstendig. Bruk difor siste året i barnehagen til å trene på dette. Tren også på å ta imot og utføre ein beskjed. Når barnet erfarer at du følgjer opp beskjedar og gir ros for gjennomføringa, aukar du motivasjonen hos barnet til å gjere det du gir beskjed om.

Tidleg støtte

Kjenner du på at barnet ditt strevar med noko, kan tida vere inne for å rådføre deg med nokon. Personalet i barnehagen eller helsesøster kan vere personar som kan hjelpe.

Nokre tips:

- Vis barnet ditt skulen det skal gå på. Ta gjerne leikeøker på uteområdet.
- Øv på skulevegen eller på å ta skulebuss
- Les for barnet og bruk språket aktivt i samtalen. Ha teiknesaker framme.
- Før barnet kan skrive sjølv, skriv tal og bokstavar saman med barnet ditt. Slik ser barnet at skriving og lesing er viktig.
- Gje barnet ros og respons på gode interesser

Reflekter saman

- Kva tenkjer du at barnet ditt treng frå deg siste året før skulestart?
- Kva forventningar har du til barnehagen og skulen i overgangsfasen?
- Kva er du som forelder spent på når det gjeld skulestart?

